



Surnadal kommune

SETERGRYTÅ KRAFT AS – DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN TIL KOMMUNEPLAN – KLAGE

Dykkar ref. BYGG-20/00007-18

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klagar på vedtaket i sak 21/20 den 18.3.2020. Protokollen blei lagt ut på kommunen si nettside den 3.4.2020.

Naturvernforbundet har si hovudmerksemd på biologisk mangfald. På førespurnad kan vi gjere meir greie for vår klagerett.

Vi meiner at det er gjort vesentlege feil i denne saka når det gjeld vurdering av kunnskapsgrunnlaget, og korleis vurdering av sumverknadene er gjort. Slik saka er utgreidd no, må søknaden om dispensasjon avslåast.

Manglane var også til stades då NVE gjorde sine vedtak, og saka burde ha vore påklaga den gongen. Men Surnadal kommune har likevel sjølvstendig ansvar for at føresetnadene for det kommunale vedtaket er til stades no. Dei naturverdiane NVE har oversett blei ikkje borte ved at dei gjorde vedtaket sitt.

Vidare meiner vi at det i LNF-område ikkje kan gjevast løyve til ATV-veg utan at det blir vedtatt i kommuneplan, eller blir gjeve dispensasjon.

Nærare om sumverknader

Det samla inngrepet er framstilt slik i kommunen si saksutgreiing:

Tiltaket vil innebære:

- Bygging av inntaksdam i Grytvatnet, 424 moh. Vatnet vil kunne regulerast med 3m.
- Nedgraving av rørgate.
- Etablering av midlertidig veg på / langs rørgatetraseen i byggefasen. Etter at anlegget er kome i drift blir det ein trase for ferdsel med ATV på / langs rørgatetraseen. Denne traseen vil mest truleg starte frå Statnetts nye veg gjennom området.
- Bygging av kraftstasjon, om lag 40 moh.
- Frådeling av 1 dekar stor tomt for inntaksdam ved utløpet av Grytvatnet.
- Frådeling av 1 dekar stor tomt for kraftstasjon like sør for fv. 65.

Den truleg største verknaden er gløymt, endra vassføring mellom Setergrytvatnet og kraftstasjonen.

I plan- og bygningslova § 19-2, 3. ledd er miljø nemnt spesielt som eit tema som det skal takast særskilt omsyn til ved ein dispensasjon.

Naturmangfaldlova § 10.(*økosystemtilnærming og samlet belastning*)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Ein direkte verknad av å gje dispensasjon for tomt til dam og kraftstasjon er at det blir mindre vatn i elva. I alle fall i ein del av elva er det heilt ukjent kva påverkinga blir, og kva som kan bli påverka. Men i tillegg skal ein sjå til at denne typen miljø finst tilstrekkeleg mange andre stader, og at det har akseptabel verknad om påverkinga blir noko av.

Dette vilkåret kan umogleg vere oppfylt, sidan meir enn 1/4 av elva har natur som ingen har sagt noko om, anna enn at strekninga er lite tilgjengeleg.

I vurderinga etter naturmangfaldlova skal det gå fram kva kunnskap som er med i vurderinga, kva for vurderingar som er gjort, og kva som er konklusjonen av desse vurderingane. Dette slik at resultatet er etterprøvbart og transparent.

Dette er omtala slik i saksframlegget: «*Summen av planlagte inngrep, inkl. avbøtande tiltak, vil i dette tilfellet ikkje påverke økosystemet i for stor grad.*»

I summen av planlagde inngrep er eit heilt vesentleg punkt som endra vassføring gløymt. Det er så langt vi har sett ingen som har sagt noko om korleis miljøet langs elva kan bli påverka. «I for stor grad» er ei skjønnsformulering utan at det er sagt noko om kva tema som er tatt med i dette skjønnet, og det syner ikkje kor mykje kvart element er vektlagt.

I fråsegna vår i denne saka 28.10.2004, 5 år før naturmangfaldlova kom, uttalte Naturvernforbundet: *Naturvernforbundet har tidlegare bede kommunane om å "grovsortere" vassdrag i "raudt, gult og grønt" som ein slags lokal samla plan for å kanalisere bygging av mikro- og minikraftverk til dei vassdraga der dei gjer minst skade, og slik at viktige småvassdragsverdiar blir tatt vare på utan utbygging. Sorteringa vil og vere til stor hjelp for vurdering av litt større kraftverk også.*

Etter det Naturvernforbundet kjenner til, har Surnadal kommune ikkje gjort noko overordna vurdering av vassdraga sine på denne måten.

Det ser ut til at kommunen framleis ikkje har laga noka slik oversikt. Her må kommunen gå gjennom bekkenaturen i kommunen, kanskje eit større område også, og finne ut kva ein har av slik natur, kor mykje som ikkje lenger er fullverdig og kva som ein minimum må ha igjen utan inngrep for at ikkje naturtypar og artar lir uakseptabel skade.

For å oppfylle krava til sakshandsaming etter naturmangfaldlova må ein seie noko om kva som blir vurdert (Kva område som ein reknar med kan vere påverka) og vidare korleis ein vurderer tidlegare, noverande og framtidig påverking av aktuelle naturtypar.

Vurderinga som er gjort etter § 10 i naturmangfaldlova er grunnleggande mangelfull og må gjerast heilt på nytt.


Kunnskapsgrunnlaget

Kva seier naturbase om elvestrekninga: ingenting

Kva seier artskart om elvestrekninga: ingenting

Kva seier rapporten frå Erik Øien om elvestrekninga: *Nedenfor Øyalimyra blir det brattere. Elva renner her i et gjel hvor det nesten ikke er tilgjengelig, da det er bratt på begge sider av bekken.*

Når ein samlar all denne kunnskapen og legg han inn på kartet, så blir det slik:



Erik Øien seier også dette om strekninga nord for Statnett sin veg:

På denne strekning er det småbregneskog som er den dominerende vegetasjonstype. Denne lia er plantet til med gran. Her er det kulturskog av gran på begge sider av Setergrytå. Det meste av grana er h.kl. IV (eldre produksjonsskog). I tillegg er det også noen plantefelt av yngre gran (h.kl. II).

Slik vi forstår det gjeld dette arealet som er på baa sider av elva, men ikkje i sjølve elvelaupet, den delen av elva som blir påverka av vassføringa.

Kunnskapen ein har om elvestrekninga her, den delen som blir påverka av vassføringa, er altså representert med å vere ein kvit flekk på kartet, og kunnskapen består av INGENTING. Det er feil å seie at det er ingenting på denne staden. Det er kunnskapen om det som er på staden som er ingenting. Når kunnskapsgrunnlaget er slik, er det berre avslag som er mogleg. Viss det er rett at det er ingenting her, så er det ein så sjelden type natur at den er i alle fall verneverdig.

Noko kunnskap er samla. Då Sweco utarbeidde endringssøknaden i 2013, blei det gjort ei synfaring. Dei har vore i den nedre delen av bekkekløfta, og har klarlagt at det finst ein naturtypelokalitet der, med verdi B. Naturtypelokaliteten er ikkje lagt inn i Naturbase, og artane dei har registrert i området er

ikkje registrert i Artskart. Det ser ikkje ut til at sakshandsamar i kommunen er kjent med desse opplysningane, og dei er ikkje brukt i saka som er lagt fram til kommunal handsaming.

Kva veit vi så om Setergrytå frå Setergrytvatnet og ned til kraftstasjonstomta ved Setergrytå? Vi kan dele opp vassdraget i ovanfor og nedanfor der Statnett sin veg kryssar elva. Ovanfor er terrenget slakare og elva går rolegare. Elva påverkar ikkje breiddene så veldig vidt og kraftig, sjølv om ei elv alltid har ein viss verknad.

På nedsida av vegen er det meir dramatiske geologiske formasjonar med høge bergveggar og fossar. Kløfta ligg nordvendt og det er fossesprut og fosserøyk i eit miljø der sola ikkje får tørka ut vegetasjonen. Geologien liknar i følge berggrunnskartet mykje på den som finst i Vindøla litt lenger sør. Hardare bergartar gir tersklar, lausare bergartar har elva tæra bort nedanfor, slik at det blir fossefall. Dei lausare bergartane har gjerne noko meir kalkinnslag. Elles er Setergrytå mellom dei vassdraga som kan ha ganske god vassføring langt utover sommaren.

I nedre del av Setergrytå har vi altså grunn til å tru at det er noko kalkhaldig berg, større område med fossesprut og fosserøyk og større område som ikkje tørkar ut. Då har ein alle faktorane som tilseier at det er potensiale for å finne raudlista artar, særleg mosar. Det vil også vere slik at redusert vassføring kan få stor innverknad viss fosserøykpåverkinga minkar eller blir borte. Det er følgjeleg heilt vesentleg å vite kva for artar som finst i kløfta mellom Statnett sin veg og kraftstasjonsområdet.

I saka som førte fram til vedtak hos NVE skal det vere gjort undersøkingar av det biologiske mangfaldet ved to høve. Første gongen var i samband med søknaden i 2004. Den neste gongen var i samband med endringssøknaden i 2013. Det skal nok også finnast ei enklare vurdering av spørsmålet i 2009 og 2018 i samband med forlenging av frist for utbygging, utan at vi har sett noko til det.


Den undersøkinga av biologisk mangfald som låg ved søknaden var det Erik Øien som hadde gjort. Han leverte også slike undersøkingar til andre søknader i 2005 og 2007. Den siste var i ei sak om Kysinga i Rindal, der NVE sette krav om tilleggsundersøkingar, utan at det var hjelp i. Rapportane frå Øien hadde store manglar når det gjeld lav, mosar og sopp, og det andre var ofte tynt det også. Kva treslag som finst og kva hogstklasse skogen har, er derimot ein del betre klarlagt. I denne saka er nedbørsområdet innafør Setergrytvatnet ganske utførleg skildra, sjølv om det knapt blir påverka av tiltaket. Elvekanten mellom Setergrytvatnet og Surna er derimot i liten grad nemnt.

Sweco tar i 2013 utgangspunkt i Øien si undersøking med utgangspunkt i at denne har klarlagt alt som er viktig, og konkluderer med at mindre reguleringshøgde og større minstevassføring vil gje mindre skadeverknad. Så har dei samla og tatt med seg til kontoret noko mose og lav som dei fann nedst i bekkekløfta (Metoden fortel kva dei fann, ikkje noko om kva som blei oversett, sjå elles evalueringsrapport kap. 4.5.1 og 4.5.2¹). Karplantene fortel om kalkpåverknad og høg fuktigheit i lufta. Funna som blei gjort er ikkje tilgjengeleg i Artskart.

Det er best å ta alt dette på nytt, så ein ikkje kjem skeivt ut alt frå starten.

¹ NVE 2015. Gaarder, G. & Høitomt, T. 2015. Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging. NVE-rapport 102-2015.

Det ein har om berggrunnen er dette:



Berggrunnskart N250. Inneholder data under Norsk lisens for offentlige data (NLOD) tilgjengeliggjort av Norges geologiske undersøkelse (NGU).


Berggrunnen kan ofte seie litt om potensialet for artar og naturtypar. Store delar av elva går i bergartar av amfibolitt og glimmerskifer, som ofte gir utslag i ein flora som er kalkpåverka.

Artskart er nemnt i saksutgreinga som kjelde.

Som ein ser av Artskart finst det eitt markert område som delvis omfattar kløfta. Dette gjeld ein observasjon av trepiplerke, nøtteskrike og konglebit. Utanom det finst det ingen observasjonar. Dette kan tolkast på fleire måtar. Ein kan seie at det vitenskapen ikkje har registrert, det finst ikkje. (Ein frosk lagt på sprit i museet finst, ein som nokon har sett i skogen finst ikkje.)

Eller ein kan sjå litt meir realistisk på det å seie at Artskart er eit resultat av dei opplysningane som er lagt tilgjengeleg i databasane. Når det ikkje finst registreringar, så har ein ikkje kunnskap om området.

Artskart/Kartverket





Flyfoto 2018/2014. Kartverket, Geovekst, kommuner, Corine – Geovekst AS

Av flyfotoet kan vi sjå at det for kort tid sidan er hogd ein del granskog vest for elva. På austsida av elva står det ganske mykje skog. Skogen nærast kløfta ser ut til å vere blandingsskog. Skogen hindrar innsyn til området, men ein må undersøke nærare for å finne ut om kløfta er påverka av planteskogen.

Så langt kjem vi. For å finne ut meir, må vi i området for å sjå meir. Når vi har sett meir, må vi sannsynlegvis inntil bergveggane under fossane for å sjå etter om bestemte moseartar er der eller ikkje, for å finne ut om det er raudlista artar som kan bli påverka av vassføringa. Det er eit prosjekt som må utførast av ein moseekspert eit stykke ut på sommaren, når vassføringa ikkje er så veldig stor.

Når den biologiske kartlegginga er så gamal som han er, må ein i grunnen rekne med at ei slik undersøking må gjerast på nytt i alle fall, av metodiske grunnar. I samband med kartlegging av biologisk mangfald er eit av dei viktige punkta å kartlegge kva som finst av raudlista artar, og vurdere om desse kan bli påverka. Då Øien var i området i 2004 for å leite etter raudlisteartar, var gjeldande raudliste frå 1998. Han har naturleg nok hatt si merksemd spesielt på artane i den gamle raudlista. Det har kome nye versjonar av raudlista i 2006, 2010 og 2015. Ein del av artane som står på raudlista i dag sto ikkje oppført i 1998. Det tyder at alle artar som har fått høgare raudlisting etter 1998 sannsynlegvis er underrapportert, som resultat av kartleggingsordninga. Fornminne og vin kan ofte bli betre jo eldre dei blir, men det same gjeld ikkje undersøkingar om biologisk mangfald.

Køyretrase for ATV

Det går fram av saka at det skal vere ein permanent køyretrase mellom Statnett sin veg og dammen. Denne vegen skal nyttast til noko anna enn det som inngår i føremål LNFR. Følgjeleg meiner vi at det er krav om dispensasjon også for denne køyretraseen. Surnadal kommune har i alle fall lagt inn i kommuneplanen tursti langs Toåa, i eit LNF-område. Når ein sti for friluftsføremål skal leggest inn i eit LNF-område (Der F-en står for friluftsliv), så må stiar som høyrer til infrastruktur også leggest inn, eller handsamast som ein dispensasjonssak.

Det fører til eit behov for å vite kva slags natur som finst på denne strekninga, så ein kan gjere vurderingar etter naturmangfaldlova. Øien seier jo litt om denne strekninga, men det er truleg nødvendig å sjå litt nærare på naturen som er der også. Det er i alle fall ingen observasjonar i Artskart for strekninga, og det er ukjent om området er vurdert for Naturbase. Med amfibolitt i grunnen og tidlegare seterdrift i området, bør ein i alle fall sjå etter kvitkurle (NT) på strekninga. Ei kvitkurle vil ikkje stoppe eit kraftverk, men det kan vere nok til at ATV-traseen bør leggest om, og dermed også røytraseen.

Vi må elles peike på at KNT har ein stritrase i området frå før, og at det kan vere ein konflikt mellom KNT sitt stibehov (Formål Friluftsliv) og kraftverket sitt køyrestibehov (Formål infrastruktur).

Dammen

Vi har ingen opplysningar om kva som finst av naturverdiar knytt til sjølve staden for dammen. Det er vel omtrent dei same behov for kunnskap der som elles i denne saka.

Elles vil vi gjere merksame på at småkraftverk i elver utan magasin i mindre grad påverkar vassdraget nedanfor kraftstasjonen. I dette høvet vil vatn tilsvarande 3 døgn vassforbruk bli samla og sleppt på tidspunkt som er avvikande frå det naturlege. Sannsynlegvis kan ein få ei prioritering av vasslepp til tidspunkt då kraftprisen er høgare enn elles. Altså at det ikkje er fisken i Surna som bestemmer når det er mest høveleg at kraftstasjonen går.

Krav når noko skal ha dispensasjon

Dispensasjon skal ikkje vere nokon forenkla veg til løyve. Viss eit spørsmål ikkje kan vente til neste rullering av kommuneplanen, så må ein setje dess større krav til dokumentasjon av spørsmål som skal handsamast. Vidare er det eit krav om at fordelane med å gje dispensasjon må vege opp for ulempene. Då er det nødvendig å ta med andre tilhøve enn det som har med natur å gjere. T.d. må ulempe for friluftslivet takast med i ei slik vurdering.

Konklusjon

Vedtaket som er gjort må kjennast ugyldig. Det er nødvendig å gjere undersøkingar av biologisk mangfald i og langs elva, slik at ein får eit kunnskapsgrunnlag å bygge eit nytt vedtak på.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar